

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	09.06.2021
Tid:	10:00-13:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Moland	Medlem	H
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Trude Brosvik	Leiar	KRF
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Bente Borghild Underthun	Medlem	SAFO
Sigrid Rønneberg	Medlem	SAFO
Egil Bru Overaa	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anita Helen Hammerseth Æsøy	Medlem	

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Eva Vinjevoll	rådgjevar, transportplanseksjonen
Arild Knapskog	rådgjevar / møtesekretær, politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne 05.05.21	2020/77152	
	Referatsaker		
RS 21/21	Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule	2021/20150	
RS 22/21	Planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021	2020/77152	
RS 23/21	Midlertidig fritak for leiar RMNF	2020/77152	
RS 24/21	Skulefrukostordning - oppfølging og forskingsprosjekt	2020/77152	
	Politiske saker		
PS 14/21	Val av midlertidig nestleiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2020/77152	
PS 15/21	Universell utforming av busskur i Bergen	2020/77152	
PS 16/21	Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune	2020/77152	
PS 17/21	Tilhøve for ungdom på hybel	2020/77152	
PS 18/21	Kulturkort for ungdom	2020/77152	
PS 19/21	Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - medverknad	2020/77152	
PS 20/21	Tannbehandling for prioriterte grupper	2020/77152	
PS 21/21	Høyring - Regional vassforvaltningsplan 2022 - 2027 for Vestland vassregion	2020/77154	
PS 22/21	Varsel om politisk sak: Koronaundersøkinga i Vestland 2020. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking	2020/79521	
PS 23/21	Foreningen Danielsen intensivgymnas- søkad etter friskulelova om tilbod i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune	2020/77152	
PS 24/21	Miljøløftet - handlingsprogram for perioden 2022-2025	2020/77152	
PS 25/21	Bruk av dei fylkeskommunale midlane i Miljøløftet	2020/77152	

Godkjenningssaker

GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

I samband med vedtak gjort i GK 1/21 om sak om universelt utforma læringsarena leste rådsleiar opp følgjande svar frå avdeling for opplæring og kompetanse:

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse syner til spørsmål frå Egil Bru Overaa på korleis Vestland fylkeskommune tek i vare universelt utforma læringsarena i læringsløpet. Dette er eit viktig og samansett spørsmål og for å svare ut spørsmålet er det naudsynt å gjere kartleggingar på fleire ulike arenaar. Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse vil greie ut problemstillingane som er reist i spørsmåla og komme attende med svar i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sitt møte 1 september 2021.

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne 05.05.21

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent.

Referatsaker

RS 21/21 Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Saka vart referert.

RS 22/21 Planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Saka vart referert.

RS 23/21 Midlertidig fritak for leiar RMNF

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Saka vart referert.

RS 24/21 Skulefrukostordning - oppfølging og forskingsprosjekt

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Saka vart referert.

Politiske saker

PS 14/21 Val av midlertidig nestleiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til vedtak

Som midlertidig nestleiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vald:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Egil Bru Overaa (FFO) sette på vegner av FFO, A, Krf, Sp, H og SAFO fram slikt forslag:

«Midlertidig nestleiar:
Kjell Søvik»

Avrøysting

Overaa sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Som midlertidig nestleiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vald: Kjell Søvik.

PS 15/21 Universell utforming av busskur i Bergen

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding,

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av A, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:
RMNF viser til innsendt spørsmål om busskur på Mulen i Bergen. Dette tiltaket er ved kommunal veg, og uttalen vår blir sendt til Bergen kommune.
RMNF vil peike på kor viktig det er at alle etater i kommune og fylke har ei gjennomtenkt haldning og kompetanse på universell utforming, og at det vert eit sjekkpunkt i alle utbyggingssaker.»

Avrøysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF viser til innsendt spørsmål om busskur på Mulen i Bergen. Dette tiltaket er ved kommunal veg, og uttalen vår blir sendt til Bergen kommune.

RMNF vil peike på kor viktig det er at alle etatar i kommune og fylke har ei gjennomtenkte haldning og kompetanse på universell utforming, og at det vert eit sjekkpunkt i alle utbyggingssaker.

PS 16/21 Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Rådet/utvalet gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Gunn Åmdal Mongstad (Sp) sette på vegner av Sp, A, Krf, H, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:
RMNF er svært positiv til ei utvikling av eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod til elevar og lærlingar. For vår gruppe er det viktig at fylket har kompetanse på den enkelte sine utfordringar og slik kan gje godt tilpassa opplæring og tilgang til riktige og universelle hjelpemiddel.

RMNF vil samtidig peike på behovet alle har for å vere del av eit klassemiljø, og at den sosiale sida i ein læringssituasjon ikkje må prioriterast ned.»

Avrøysting

Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF er svært positiv til ei utvikling av eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod til elevar og lærlingar. For vår gruppe er det viktig at fylket har kompetanse på den enkelte sine utfordringar og slik kan gje godt tilpassa opplæring og tilgang til riktige og universelle hjelpemiddel.

RMNF vil samtidig peike på behovet alle har for å vere del av eit klassemiljø, og at den sosiale sida i ein læringssituasjon ikkje må prioriterast ned

PS 17/21 Tilhøve for ungdom på hybel

Forslag til vedtak

Utvalet/rådet gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF ber fylkestinget vere særleg merksam på elevar som har ei funksjonsnedsetting, og som må bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Behov for hjelp, tilrettelegging og rådgjeving kan vere meir samansett, og sjansen for at ein isolerer seg og ikkje deltar på aktivitetar både i skuletida og utanfor skulen kan vere større.

Vi støttar derfor at det er avgjerande å ha kompetente vaksne, helst i ein fast struktur som sikrar at ansvaret ikkje smuldrar opp, for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF ber fylkestinget vere særleg merksam på elevar som har ei funksjonsnedsetting, og som må bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Behov for hjelp, tilrettelegging og rådgjeving kan vere meir samansett, og sjansen for at ein isolerer seg og ikkje deltar på aktivitetar både i skuletida og utanfor skulen kan vere større.

Vi støttar derfor at det er avgjerande å ha kompetente vaksne, helst i ein fast struktur som sikrar at ansvaret ikkje smuldrar opp, for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

PS 18/21 Kulturkort for ungdom

Forslag til vedtak

Rådet/utvalet gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF støttar tilrådinga frå KULII. Det er vesentleg at et evt tiltak som vert innførte kan nyttast av alle, også dei som treng ekstra tilrettelegging for å delta.

Fylkeskommunen må tilby følgjekort/ledsagerbevis. Og det må vere ein føresetnad for fylkeskommunal kulturstøtte at arrangør godtek følgjekort/ledsagerbevis, og elles legg til rette for universell deltaking.

Avrøysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF støttar tilrådinga frå KULII. Det er vesentleg at eit evt. tiltak som vert innført kan nyttast av alle, også dei som treng ekstra tilrettelegging for å delta.

Fylkeskommunen må tilby følgjekort/ledsagerbevis. Og det må vere ein føresetnad for fylkeskommunal kulturstøtte at arrangør godtek følgjekort/ledsagerbevis, og elles legg til rette for universell deltaking.

PS 19/21 Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - medverknad

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF vil peike på at det er ein unytta arbeidskraft-reserve hos menneske med ei eller anna form for funksjonsnedsetting. Det kan skuldast både haldningar og frykt for mindre effektivitet frå arbeidsgjevar. Vestland fylke bør saman med partnerane i næringslivet arbeide for at også denne arbeidskrafta blir inkludert og får nytte evnene sine i arbeidslivet.

RMNF ønskjer at fylkestinget skriv det inn i kap. 3.4 under overskrifta «sikre tilgang til arbeidskraft». Temaet er naturleg knytt til mål 4, 5 og 8 i planen.

Både det offentlege og dei private verksemdene må arbeide for eit inkluderande arbeidsliv, og aktivt rekruttere inn arbeidskraft som treng ekstra tilrettelegging for å delta i vanleg arbeidsliv, slik regjeringa sin inkluderings-strategi legg opp til.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF vil peike på at det er ein unytta arbeidskraftreserve hos menneske med ei eller anna form for funksjonsnedsetting. Det kan skuldast både haldningar og frykt for mindre effektivitet frå arbeidsgjevar. Vestland fylke bør saman med partnerane i næringslivet arbeide for at også denne arbeidskrafta blir inkludert og får nytte evnene sine i arbeidslivet.

RMNF ønskjer at fylkestinget skriv det inn i kap. 3.4 under overskrifta «sikre tilgang til arbeidskraft». Temaet er naturleg knytt til mål 4, 5 og 8 i planen.

Både det offentlege og dei private verksemdene må arbeide for eit inkluderande arbeidsliv, og aktivt rekruttere inn arbeidskraft som treng ekstra tilrettelegging for å delta i vanleg arbeidsliv, slik regjeringa sin inkluderingsstrategi legg opp til.

PS 20/21 Tannbehandling for prioriterte grupper

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Gunn Åmdal Mongstad (Sp) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF stør innstilling til vedtak frå Fylkesutvalet

Avrøysting

Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF stør innstilling til vedtak frå Fylkesutvalet

PS 21/21 Høyring - Regional vassforvaltningsplan 2022 - 2027 for Vestland vassregion

Forslag til vedtak

Rådet gir uttale til regional vassforvaltningsplan:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, H, Sp, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:
RMNF tar planen til vitande.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF tar planen til vitande.

PS 22/21 Varsel om politisk sak: Koronaundersøkinga i Vestland 2020. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking

Forslag til vedtak:

Utvalet/ rådet gir slik uttale [...]:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:
RMNF vil peike på at utfordringane til grupper med nedsett funksjonsevne kanskje ikkje kjem godt nok fram i FHI si undersøking, og dermed ikkje i saka eller foreslåtte tiltak.

FFO har på grunnlag av ei spørjeundersøking til sine medlemmer laga ein rapport som vart lagt fram som RSsak 8/21 for RMNF i møte 24.03.21. Vi ber om at denne vert teken med i vidare vurdering og arbeid. Og at fylkeskommunen som tenesteytar har ei eiga sak på korleis dei har klart å ivareta tenestene til menneske med nedsett funksjonsevne gjennom pandemien, og kva målretta tiltak for oppfølging som vil gjelde inn mot desse innbyggjarane.

Vedlegg: FFO sin rapport

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF vil peike på at utfordringane til grupper med nedsett funksjonsevne kanskje ikkje kjem godt nok fram i FHI si undersøking, og dermed ikkje i saka eller foreslåtte tiltak.

FFO har på grunnlag av ei spørjeundersøking til sine medlemmer laga ein rapport som vart lagt fram som RS-sak 8/21 for RMNF i møte 24.03.21. Vi ber om at denne vert teken med i vidare vurdering og arbeid. Og at fylkeskommunen som tenesteytar har ei eiga sak på korleis dei har klart å ivareta tenestene til menneske med nedsett funksjonsevne gjennom pandemien, og kva målretta tiltak for oppfølging som vil gjelde inn mot desse innbyggjarane.

Vedlegg: FFO sin rapport

PS 23/21 Foreningen Danielsen intensivgymnas- søkad etter friskulelova om tilbud i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

Retten Friskulelova gjev til å velje alternativ skule til den offentlege, gjeld for alle.

RMNF vil peike på at det er svært viktig å ettersjå at eit evt løyve, gitt etter Friskulelova, også pliktar søkar å gje tilbud til alle, og med universell utforming.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Retten friskulelova gjev til å velje alternativ skule til den offentlege, gjeld for alle.

RMNF vil peike på at det er svært viktig å ettersjå at eit evt. løyve, gitt etter friskulelova, også pliktar søkar å gje tilbud til alle, og med universell utforming.

PS 24/21 Miljøløftet - handlingsprogram for perioden 2022-2025

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF tar saka til vitande»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF tar saka til vitande

PS 25/21 Bruk av dei fylkeskommunale midlane i Miljøløftet

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF tar saka til vitande.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF tar saka til vitande.

